



I.L. NORNA SALHUS
Postboks 111 Ulset
5873 BERGEN

Dato: 19.04.2016
Vår ref.: 2016/99-93
Saksbehandlar: hanespe
Dykkar ref.:

Lavterskel tilskot til fysisk aktivitet for barn og ungdom - Ungdomsprosjekt

Det vert vist til dykkar søknad med frist 15.02.2016 til Hordaland fylkeskommune, om tilskot til lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom. Hordaland fylkeskommune, utval for kultur, idrett og regional utvikling, handsama saka i møte 13.4.2013 – søknaden fekk dessverre avslag.

Grunngjeving

For 2016 er det kr 2.000.000 til fordeling. Det kom inn 54 søknader med ein samla godkjent søknadssum på kr 3.052.600. Tildelinga er sett i samanheng med andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Ved avgjerda av dykkar sak har utval for kultur, idrett og regional utvikling lagt til grunn dei opplysningane som går fram av søknaden. Utvalet fant ikkje at dei vedtekne vilkåra for tildeling er oppfylte. Dykkar tiltak vert, etter ei samla vurdering, ikkje tilgodesett.

**Godt tiltak mot fråfall, men det er ikkje lavterskel, og fell difor utanfor ordninga.
Utval for kultur, idrett og regional utvikling sitt vedtak er lagt ved.**

Klage/partsinnsyn

Vedtaket kan påklagast i medhald av forvaltningslova § 28. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans for vedtak knytt til midlar løyvd frå Hordaland fylkeskommune. Klage vert sendt til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga. Klagefrist er tre veker frå søker mottar melding om vedtaket. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Har de spørsmål kan de kontakte Hanne Espe på epost hane.espe@hfk.no eller tlf. 55 23 91 78

Med vennleg helsing

Per Morten Ekerhovd
konst. Fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
Fylkesidrettssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.